

**Vestland fylkeskommune****Regional transportplan for Vestland 2022-2033 - fråsegn**

Sogn regionråd har følgjande innspel til planprogrammet til regional transportplan for Vestland:

**Fylkesvegnettet**

- Det er behov for ei offensiv satsing for tryggare vegar. Stengde vegar har store konsekvensar for bygdesamfunn som ofte er utan reelle omkøyringsmoglegheiter. Sogn regionråd meiner rassikring må få stort fokus i planarbeidet.
- Prioriteringsliste over skredsikringstiltak frå dei to fylka må vidareførast inn i den nye regionale transportplanen. Modellen til Statens vegvesen med rasfaktor som kriterie må leggjast til grunn. Fylkeskommunen bør ikkje ta inn andre kriterie.
- Drift- og vedlikehald av fylkesvegane må prioriterast. Fylkeskommunen bør retta fokus på sikker framcome, gjennom mellom anna utbetring av bruer og flaskehalsar. I påvente av større opprustingsprosjekt bør ressursinnsatsen aukast for nokre utsette punkt.
- Behovet for betre tilgjenge til flyplass bør synleggjerast i planen.

**Mobilitet og kollektivtransport**

- Kollektivtransport må bli reelle alternativ til bil også i distrikta. Om ein lukkast med å få fleire til å reise kollektivt vil det gje moglegheiter for auka inntekt som igjen kan gje fleire kollektivruter. Det bør utviklast modellar for eit framtidretta kollektivtilbod der fylkeskommunen bruker ny teknologi og digitale løysingar for meir skreddarsydde ruter. Sogn ønskjer å vera med i samarbeid med Vestland om modellar for eit meir fleksibelt kollektivtilbod.
- Både av tryggleiks- og miljøomsyn bør utbygging av gang- og sykkelvegar vera eit område som det bør satsast på. Større grad av lokale tilpassingar bør vurderast. Særleg er det viktig med godt utbygde gang- og sykkelvegar for born og ungdom. Planarbeidet bør ha fokus på trygge og gode alternativ for skuleelevar.
- Talet på tilreisande er stort samanlikna med talet på fastbuande. Dette gjeld i vår region og i andre delar av fylket. Transportplanen bør innehalde ein strategi for korleis transport- og infrastrukturtiltaka saman med ruteproduksjonen kan bidra til å legge til rette for styrking av heilårsreiseliv i fylket.
- Vi deler dei høge miljø- og klimaambisjonane til Vestland. Elfly-teknologien er i ei spanande utvikling. Vi ønskjer å lansera Sogndal lufthamn Haukåsen som mogleg testpilot for elfly.

**Nasjonale ansvarsområde**

- Sogn regionråd ønskjer at nasjonale turistvegar blir teke inn som nytt punkt i planprogrammet. Satsinga er viktig for å gjera Noreg enno meir attraktivt som reisemål. Det må vere ein eigen plan for korleis vi skal kunne marknadsføra og ta vare på dei nasjonale turistvegane i vårt fylke.
- Fylkeskommunen bør ha fokus på å knyte regionane saman.

Sogn regionråd står samla om kva samferdsletiltak som er prioriterte i vår region, og har gjennom vår samferdsleplan valt ut felles prioriteringar som grunnlag for innspel til regional og nasjonal transportplan. Medverknad frå regionråd og kommunar er viktig for å få forankring og eigarskap til transportplanen. Vi ønskjer å vera aktiv medspelar og ser det derfor som positivt at regionråda vert tekne med i planarbeidet.

Med helsing

Ivar Kvalen  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*